

INTERPELLASJON

NABOPRAT

Tidleg haust 2024 var 5 formannskap samla i Herøy for å drøfte samarbeid og for å lytte til Geir Vinsand, ein av Noreg sine fremste ekspertar på kommunal forvaltning. Han peika på nasjonale signal om at kommuneøkonomien blir strammaren i åra som kjem. I tillegg kjempar kommunar om arbeidskraft og kompetanse. Han var tydeleg på at krav frå sentrale styresmakter kjem til å verte fleire og meir komplekse og utfordre tenesteyting og forventingar frå innbyggjarane.

Vinstrand peika på at på Sunnmøre har den største rådhusettleiken i Noreg, og at vi har stort potensial for effektivisering ved samanslåingar. Han meinte også at det er litt komisk at Hareid og Ulstein samt Volda og Ørsta ikkje slår seg saman med sine demografiske og geografiske føresetnadar. Små kommune kjem til å få dei største utfordringane, var hans spådom.

Etter at Hareid kommune kom ut av ROBEEK i 2017 og vidare nei til samanslåing på ytre Sunnmøre same år, har føresetnadane og utfordringane endre seg dramatisk og syner i dag med all tydelegheit at spådomane til Vinstrand var rette og forsiktige.

Hareid kommune har frå før 14 år på ROBEEK. I dag, med 106,4 millionar i akkumulert driftsgjeld samt 1,3 milliardar i langsiktig gjeld må vi vera realistar og truleg sjå føre oss minst 10 år med statleg styring. Konsekvensen er dårlegare teneste og dyrare å bu i Hareid kommune.

Det er stort alvor i at Hareid i 2025 er den kommunen av alle ROBEEK-kommunar i Noreg som har den mest utfordrande økonomiske situasjonen. Vi toppar alle negative økonomiske statestikkar i denne gruppa.

Regjeringa har lagt til rette for økonomisk støtte til utgreiing og prosessar for lokale initiativ til kommunesamanslåingar i kommuneproposisjonen. Vi legg også merke til kommune som får sletta lånegjeld og vidare støtte i prosessar med kommunesamanslåing (Moskenes og Vestvågøy). No har fleire kommune på Sunnmøre -med mykje betre økonomiske føresetnadar- tatt initiativ overfor nabokommune og ynskjer initiativ til nabopratt for i det minst greie ut kva ein kan tene på samanslåing.

Vil ordføraren ta initiativ til ein nabopratt eller i det minste vere positiv til invitasjon om nabopratt for å diskutere kommunesamanslåing? Vil ordføraren vidare invitere innbyggjarane i Hareid kommune til å meine noko om dette slik situasjonen er?

Hareid Høgre